

Landbruksplan for

Stord og Fitjar



2017-2025

8. mai 2017

Landbruket i Stord og Fitjar

M
a
n
g
f
a
l
d



T
r
i
v
s
e
l



V e r d i s k a p i n g

Innhald

1 Bakgrunn og politisk forankring.....	Side 3
2 Føremål.....	Side 3
3 Styringsgruppa.....	Side 3
4 Kjerneverdiar.....	Side 4
5 Landbrukspolitiske føringar og verkemiddel.....	Side 5
5.1 Stortingsmeldingar.....	Side 5
5.2 Tilskots- og erstatningsordningar.....	Side 6
6 Lovgrunnlag og endringar.....	Side 9
7 Veterinærvaktordninga.....	Side 10
8 Arealressursane.....	Side 10
9 Jordvern.....	Side 11
9.1 Kjerneområde landbruk.....	Side 12
9.2 Nydyrkning.....	Side 12
10 Bynært landbruk.....	Side 13
11 Huglo.....	Side 14
12 Kulturlandskap og kulturminne.....	Side 15
13 Kystlynghei.....	Side 16
14 Jordbruk og husdyrhald.....	Side 17
14.1 Jordbruk – utvikling 1995-2015.....	Side 17
14.2 Husdyrhald – utvikling 1995-2015.....	Side 18
15 Økologisk landbruk.....	Side 22
16 Skog og utmark.....	Side 23
17 Tilleggsnæringer.....	Side 24
18 Miljø og klima.....	Side 25
18.1 Miljøtiltak.....	Side 25
18.2 Vassforskrifta.....	Side 25
18.3 Klimatiltak.....	Side 26
19 Oppsummering.....	Side 27
20 Politisk handsaming av landbruksplanen.....	Side 28



1 Bakgrunn og politisk forankring

I 2005 vart det utarbeidd ein felles landbruksplan for Stord og Fitjar kommunar. Etter skipinga av Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor 1. mars 2004, var det både naturleg og føremålstenleg med ein felles landbruksplan for desse to kommunane. Landbruksplanen vart politisk handsama og vedteken av begge kommunestyra i september 2005. Planen var verksam i tidsrommet 2005-2015.

Våren 2014 vart revisjon av landbruksplanen lagd fram som sak for *Komit   for n  ring, milj   og kultur* i Stord kommune (30.04.2014), og *Utval for plan og milj  * i Fitjar kommune (07.05.2014). Begge utvala godkjende revisjon av landbruksplanen. I Stord vart det lagd til at "*Komiteen   nskjer at planen skal ha fokus p   tiltak for    kompensera jordbruksareal som vert sett under press og at ein stimulerer til matproduksjon og   kologisk driven landbruk*".

I eit samfunn og ei landbruksn  ring i ustanskeleg endring, er det mykje som har endra seg dei siste 10   ra, og den reviderte landbruksplanen vil gjera greie for nokre av desse endringane. Utviklingstrekka skal saman med lovgrunnlaget og innspel fr   n  ringa, nyttast til    stikka ut leida for landbruksforvaltinga i Stord og Fitjar kommunar i den neste planperioden.

2 F  rem  l  

Landbruksplanen skal ivareta fleire hovudfunksjonar:

- ✓ Den skal gi tydelege signal om kva som er viktige areal og ressursar for landbruket.
- ✓ F  r fram kva landbruksn  ringa har    seia for verdiskaping, sysselsetjing, busetjing, kulturlandskap og anna n  ringsliv.
- ✓ Planen skal elles gi f  ringar for kommunen som landbruksmynde i h  ve til korleis   konomiske og juridiske verkemiddel skal forvaltast.
- ✓ Planen skal vera eit forvaltingsverkt  y, og klargjera kva for prinsipp som skal leggjast til grunn ved handsaming av einskildsaker.
- ✓ Planen skal ogs   gjera tydeleg landbruket sitt ansvar i h  ve til milj  verdiar, tilrettelegging for friluftsliv, biologisk mangfald, landskapsverdiar og kulturmilj  .
- ✓ Planen skal vera eit viktig sektorinnspel til andre kommunale planar, i s  rleg grad til kommuneplanen.

3 Styringsgruppa

Huglo Bondelag v/ leiar Erik Willgohs

Fr   Stord Fitjar Landbruks- og Milj  kontor (SFLMK) har dessutan desse tilsette vore medverkande i planarbeidet:

Stord bondelag v/ Jarle Stangeland

Aase N  ttveit

Fitjar Bondelag v/ Lars Ove Rimmereid

Kari Rydland

Fitjar Austevoll Skogeigarlag v/ leiar Sverre S  eterb  

Ole Kristian Trondsen

Stord Skogeigarlag v/ leiar Roar Blekenberg

Torleif Bakke Haavik fr   Norsk

Geir R  ssland, SFLMK, Prosjektansvarleg

Landbruksr  dgiving Vest SA har vore konsulent/sekret  r

Audun I. Torvund, SFLMK, Prosjektleiar



4 Kjerneverdiar

Verdigrunnlaget vårt fortel mykje om korleis det vert prioritert i ulike samanhengar. I samband med utarbeidning av den førre landbruksplanen (2005-2015) vart det fastsett ein visjon for landbruket i Stord og Fitjar. Innhaldet i visjonen er vidareført i planen for 2017-2025, men omgrepene er endra frå visjon til kjerneverdiar. Faste kjerneverdiar skapar ei stabil ramme både kring kvardagslege hendingar og viktige avgjersler. Det er difor ynskjeleg at følgjande kjerneverdiar ligg til grunn både for landbruksnæringa og offentleg forvaltning:

Landbruket i Stord og Fitjar:

Mangfold, verdiskaping og trivsel

Landbruket i Stord og Fitjar skal, ved produksjon av varer, tenester og skjøtsel av kulturlandskap medverka til eit godt livsmiljø for alle innbyggjarane.

Trivsel



Verdiskaping

Landbruket i Stord og Fitjar skal sikrast gode, langsiktige rammevilkår.



Mangfold

Stord og Fitjar skal ha eit mangfaldig, miljøvennlig og økonomisk berekraftig landbruk.





Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025

8. mai 2017



5 Landbrukspolitiske føringer og verkemiddel

Storsamfunnet er avhengig av ei stabil forsyning av matvarer med høg kvalitet til ein leveleg pris, for å oppretthalda livsgrunnlaget til befolkninga. Likeins treng landbruksnæringa stabile rammer for produksjon og sal av mat og andre landbruksprodukt. Landbrukspolitikk er ein krevjande balansegang mellom desse, og andre omsyn. Til dømes skal matproduksjonen ikkje gå på akkord med den langsiktige produksjonsevna til matjorda, og miljøbelastninga skal vera minimal; matproduksjonen skal vera berekraftig! I tillegg skal kulturlandskap og andre kulturverdiar forvaltast på ein god måte. For å kunna ta omsyn til alle desse elementa trengst det både politiske målsetjingar, so vel som ein godt utrusta verktøykasse med effektive økonomiske verkemiddel retta mot næringa.

5.1 Stortingsmeldingar

Ei Stortingsmelding signaliserer kva for politisk line regjeringa ynskjer skal liggja i botnen for eit bestemt verkeområde. Stortingsmeldingar inneholder ofte konkrete målsetjingar som igjen legg premissane for utforming og bruk av aktuelle verkemiddel for å nå måla. Den førre Stortingsmeldinga på landbruksområdet var [Meld.St. 9 \(2011-2012\) Landbruks- og matpolitikken *Velkommen til bords*](#).

Dagens regjering la i desember 2016 fram ei ny stortingsmelding på landbruksområdet kalla [Meld.St. 11 \(2016-2017\) Endring og utvikling *En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*](#). Stortingsmeldinga legg til grunn fire overordna målsetjingar: mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Meldinga har ein klar marknadsliberalistisk profil med fokus på effektivisering og at gardbrukarar og grunneigarar sjølv skal rå over eigne ressursar. Det er sterkt fokus på forenklingar både i forvaltinga og marknadsreguleringa. Regjeringa legg til grunn at avtale systemet skal halda fram som før.

Stortingsmeldinga er handsama av næringskomiteen og framlegget frå komiteen vart vedteke av Stortinget 25.04.17.

Blant landbrukspolitiske endringar i Stortingsmeldinga finn me:

- ✓ Redusera tal produksjonsregionar for kumjølk frå dagens 18 til 14.
- ✓ Innføring av "driftsvansketilskot".
- ✓ Mogleg innføring av kompetansekrav.
- ✓ Vurdering av forbod mot nydyrkning av djup myr.
- ✓ Utfasing av målprisordning for svinekjøt fram mot 2020, jamfør WTO-avtale.
- ✓ "Avvikla" målsetjing om 15 prosent økologisk produksjon og forbruk innan 2020.
- ✓ Utarbeida eit nytt mål og ein strategi for økologisk jordbruk.
- ✓ Auka fokus på bruk av utmarksbeite.



Meld. St. 11
2016-2017
Melding til Stortinget

Endring og utvikling
En fremtidsrettet jordbruksproduksjon



På skogbruksområdet vart det i 2016 lagd fram [Meld.St. 6 \(2016-2017\) Verdier i vekst Konkurransedyktig skog- og trenæring](#). Viktige tiltak som er føreslegne i denne meldinga er:

- ✓ Vidareutvikla skogsvegnettet gjennom bruk av tilskotsordningar og skogfond.
- ✓ Utarbeiding av eiga ordning for utbetring av flaskehalsar på det offentlege vegnettet.
- ✓ Stimulera til bygging og utbetring av tømmerkaiar/terminalar langs kysten.
- ✓ Vidareføring av satsinga på bioenergi frå skogbruket.
- ✓ Auka satsing på kompetanseheving i skogbruksnæringa.



Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025

8. mai 2017



5.2 Tilskot- og erstatningsordningar

Det fremste verkemiddelet i landbrukspolitikken er ulike tilskots- og erstatningsordningar. Ordningane har vorte til gjennom eit årelangt samspel mellom staten og landbruksorganisasjonane. Dei ulike ordningane tener ei rekke ulike føremål, og skal mellom anna syta for:

- ✓ Landbruksproduksjon over heile landet
- ✓ Arealbruksregulering (kanaliseringspolitikk)
- ✓ Utjamning av inntekt
- ✓ Kulturlandskapstiltak
- ✓ Økologisk landbruk
- ✓ Velferdsordningar
- ✓ Skogskjøtsel

Somme av ordningane har etter kvart vorte meir eller mindre dogmatiske, samstundes som behovet for nye tilskotsordningar har meldt seg. Revidering av innhaldet i ordningane er difor sett på dagsorden i forvaltinga, og målsetjinga har vore å forenkla. Blant ordningane finn me:



Velferdsordningar

Ulike velferdsordningar skal syte for at landbruksproduksjonen skal vera ein leveleg arbeidssstad for utøvarane i næringa. Ordninga er fastsett sentralt og kommunen forvaltar innhaldet. Det vert gjeve tilskot for:

- ✓ Avløsing ved ferie og fritid
- ✓ Avløsing ved sjukdom
- ✓ Landbruksvikar
- ✓ Sjukepengar
- ✓ Tidlegpensjon

Produksjonstilskot

Produksjonstilskot er som namnet tilseier, knytt til produksjonsretta verksemder i jordbruket. I Ordninga er landet delt inn i ulike soner, og føremålet med ordninga er å stimulera til produksjon over heile landet, og jamna ut skilnadar i produksjonsinntekt som skuldast klima og andre driftsføresetnadar. Ordninga er fastsett sentralt og kommunen handsamar søknadar om tilskot. Det vert mellom anna gjeve tilskot til:

- ✓ Drift av jordbruksareal
- ✓ Husdyrhald og dyr på beite
- ✓ Driftstilskot for mjølkeproduksjon og kjøtførehald
- ✓ Distriktstilskot for ulike jordbruksprodukt
- ✓ Kvalitetstilskot for kjøt
- ✓ Økologisk landbruk
- ✓ Bevaringsverdige husdyrrasar

Erstatningsordningar

For å skapa trygge rammer kring eigedom og jordbruksproduksjon er det fastsett erstatningsordningar som tek høgde for følgjande hendingar:

- ✓ Naturskade
- ✓ Klimabetinga skade på avling
- ✓ Tap av sau på utmarksbeite
- ✓ Erstatning for sau teken av rovdyr

Ordningane er forvalta av kommunen, lensmann og Fylkesmannen.



Tiltaksmidlar i skogbruket

Ordninga med skogfond og skattefordelar skal sikra ulike tiltak i samband med forynging av skog og andre langsiktige tiltak.

Med heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) kan det ytast tilskot til mellom anna følgjande tiltak i skogbruket:

- ✓ Skogsvegar
- ✓ Skogkultur
- ✓ Tømmerkaiar
- ✓ Skogbruksplanlegging
- ✓ Skogsdrift med taubane.
- ✓ Bioenergi

I tillegg er det råd å få tilskot til diverse klimatiltak.

Finn meir informasjon om ordningane [her](#)

Regionalt miljøprogram (RMP)

Kvar fylke får årleg ein pengepot til rådvelde, som dei kan disponera til ulike miljøretta føremål. Føremåla er fastsett i eit *Regionalt miljøprogram* som vert utforma i samråd mellom forvaltinga og landbruksnæringa. Gardbrukarar kan søkje om tilskot til mellom anna følgjande tema:

- ✓ Bratt jordbruksareal
- ✓ Steingardar
- ✓ Artsrik slårte- og beitemark
- ✓ Styvingstre
- ✓ Kulturminne
- ✓ Støling
- ✓ Klimagassutslepp
- ✓ Elvemusling
- ✓ Kystlynghei
- ✓ Organisert beitebruk


Finn meir informasjon om RMP [her](#)

Innovasjon Norge

Innovasjon Norge kan yta finansiering til investeringar innan landbruket i form av:

- ✓ Tilskot til investering i driftsbygning og produksjonsutstyr av varig karakter.
- ✓ Tilskot til mindre investeringar ved generasjonsskifte.
- ✓ Tilskot til investering i bioenergi
- ✓ Tilskot til investeringar i frukt- og bærdfyrking.
- ✓ Tilskot til utvikling og investering i tilleggsnæring.
- ✓ Lån til investeringar i landbrukseigedom.

Kommunen tek part i handsaminga av søknadar. Finn meir om innovasjon Norge [her](#)



Tilskot til drenering

Det kan no løvvast tilskot til drenering av jordbruksareal. Ordninga gjeld berre fornying av dreneringsanlegg på dyrka mark, og soleis ikkje drenering ved nydyrkning. For utmåling av tilskot ligg følgjande satsar til grunn:

- ✓ 1 000 kroner per daa
- ✓ Eller 15 kroner per meter grøft

Finn meir om ordninga [her](#)



Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Føremålet med tilskotsordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, og å redusere ureininga frå jordbruket, ut over det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift, jamfør §1 i [forskrifta](#).

Eit viktig mål med ordninga er å få til ein målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetjingar.

For å oppnå dette er det utarbeidd ein ny [tiltaksstrategi](#) for Stord og Fitjar for 2016-2020, med retningsliner for bruken av dei midlane kommunane vert tildelt årleg. SFLMK fekk innspel frå Fitjar Bondelag, Stord bondelag, Huglo Bondelag, Stord Sauvealslag og Fitjar Sauvealslag.

Prioritering av SMIL løvningar er fordelt på tematiske prioriteringar og geografiske tema:

Tiltak som gir eit ope og velskjøtta kulturlandskap:

- ✓ Auka tal beitedyr.
- ✓ Gjerde
- ✓ Rydding av attgrodd kulturlandskap.
- ✓ Hydrotekniske tiltak (opne kanaler og grøfter) mot forsumping av jordbruksareal.
- ✓ Tiltak mot uønska vekster og svartelista artar.

Rullering av tiltaksstrategiar for SMIL ordninga for Stord og Fitjar, 21.01.16

SMIL: Særsikte miljøtiltak i jordbruket
Dette er ein fleirårig tiltaksstrategi for Stord og Fitjar som skal gi grunnlag for og vera rettleiande når Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor skal handsa soknader og fordele tilskotmidlar i desse kommunane. Soknadsfristen er 15. mai. Soknader som kjem inn etter dette kan handsamast «lepande» så lenge det er tilskot til leying.

Planperiode
Tiltaksstrategien gjeld frå den er vedtatt politisk i Stord kommune og i Fitjar kommune 2016 til 31.12.2019. Då skal strategiplanen revurderast på nyt.



Tiltak som ivaretar kulturminne, bygningar og bygningsmiljø:

- ✓ Som er og har vore viktige i det lokale landbruket.
- ✓ Knytt opp mot produksjon.
- ✓ Knytt til aktivitetar som trekkjer menneske inn på garden.
- ✓ Knytt til historie og identitet lokalt.

Tiltak som stimulerer til samarbeid:

- ✓ Mellom gardsbruk
- ✓ Mellom gardsbruk og andre

Tiltak som kjem folk flest (ålmenta) til gode.

- ✓ Informasjon om verdier i landbruk og natur.
- ✓ Tilrettelegging av turstiar (skilt, merking, grinder mfl.) i kulturlandskapet.



6 Lovgrunnlag og endringar

Landbruksverksemd er samansett av ei rekke ulike aktivitetar med verknadar på mange plan. I tillegg til verknadar innan landbruks- og miljøsektoren, grip fleire av aktivitetane i næringa inn i andre sektorar, som til dømes byggteknikk og arealforvalting. Med ei slik kontaktflate, støyter landbruksnæringa mot ei lang rekke lover, forskrifter og andre retningsliner. I dette avsnittet vert det gjort greie for dei viktigaste lovane som gjeld i dag. I tillegg vert det kommentert endringar som er gjennomført sidan den førre landbruksplanen vart gjort gjeldande. For nærmere opplysningar, ta kontakt med Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor.

Jordlova skal sikra at arealressursane i landet vert nytta på det viset som best gagnar befolkninga. Lova gjer til dels store inngrep i eigedomssretten, mellom anna ved å stilla krav om driveplikt. Implisitt i føremålsparagrafen ligg det i tillegg ei forventning om at jordbruksdrifta skal vera produktiv, samstundes som den ikkje skal ha negative verknadar for korkje samtid eller framtid.

Endringar:

- ✓ Driveplikta er no fastsett berre i jordlova.
- ✓ Frå 1. juli 2009 er driveplikt ei varig plikt for alle som eig ein eigedom med jordbruksareal, utan omsyn til storleiken av jordbruksarealet. Driveplikta kan oppfyllast av eigaren sjølv eller ved bortleige. Vilkåret er no ein skriftleg leigeavtale på minst 10 år.

Odelslova regulerer rettigheter og plikter kring overtaking av landbrukseigedom. Lova definerer kven som har rettigheter ved sal av odelseigedom, og sikrar stabile rammer kring generasjonsskifte.

Endringar:

- ✓ Frå 01.07.2009 er det kome nye arealgrenser for kva som vert rekna som ein odelseigedom; 25 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord eller 500 dekar produktiv skog.

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetnaden av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern av produksjonsgrunnlaget i landbruket og få til dei eigar- og brukstilhøva som best gagnar landbruket. Konsesjonsplikta omfattar alle bebygde eigedomar med storleik over 100 daa og alle dei med minst 25 daa dyrka jord.

Endringar:

- ✓ Buplikta vart frå 01.07.2009 styrt ut frå reglane etter konsesjonslova åleine. Buplikta er skjerpa slik at den som ikkje kan eller vil oppfylla denne, må søkja konsesjon (sjølv om ein overtek frå foreldre eller anna nær slekt). Det er dermed ikkje høve til å søkja om fritak eller utsetjing slik ein kunne tidlegare.

Skogbrukslova har til føremål å fremja ei berekraftig forvalting av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, sikra det biologiske ansvaret, og ivareta omsynet til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. Skogeigaren sitt forvaltaransvar vert sett meir i fokus, og alle tiltak i skogen skal utførast etter dei lover og forskrifter som til ei kvar tid gjeld. Skogeigaren si plikt til å forynga skogen etter m.a. hogst, er gjort tydelegare i lova. Skogeigaren kan straffast med bøter og fengsel i inntil eitt år dersom ikkje innhaldet i lova og forskriftene vert følgjt.

Andre viktige lover knytt landbruket er Ureiningslova, Dyrevelferdslova og Naturmangfoldlova og Dyrehelsepersonellova.

Landbruksstyresmaktene er uttaleorgan i høve til Plan- og bygningslova. Ein har såleis høve til å påverka planar slik at det vert teke omsyn til jordvernet og at tilhøva vert lagt til rette for busetjing og meir kostnadseffektiv eigedomsstruktur.



7 Veterinærkortordninga

I [Dyrehelsepersonellova](#) her heiter det i §3a:

«Kommunane skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Kommunane har ansvar for å organisere en klinisk veterinærkort utanom ordinær arbeidstid».

Landet er delt inn i vaktområde og kommunane innafor kvart område har eit felles ansvar for å organisere ordninga. Stord og Fitjar høyrer til «Stord vaktområde» som også femner om kommunane Bømlo og Austevoll. Stord vaktdistrikt vert, etter avtale med dei 3 andre kommunane, organisert av Bømlo kommune.

Veterinærtenestene på dagtid og kvelds-/helgetid vert utført av same personellet, i lengre tid av 2 ektepar (4 veteranærar). Vaktordninga vert finansiert med statlege tilskot. Vakttenesta er i dag 2-delt og difor svært sårbar fordi ein skal dekka både kveld, natt og helger. Dette får i neste omgang ringverknader for ressurssituasjonen på dagtid. Talet på produksjonsdyr i vaktdistriket har samstundes gått nedover med åra, og dermed også inntektsgrunnlaget for veteranærane totalt sett. Kommunane i «Stord vaktområde» har difor bidrige med årlege tilskot for å syta for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell også på ordinær arbeidstid.

8 Arealressursane

I 2005 starta arbeidet med å forenkla klassifiseringa av arealressursane i landbruket, og resultatet vart arealklassifisingssystemet AR5. I AR5 vert jordbruksareal delt inn i kategoriane fulldyrka areal, overflatedyrka areal og innmarksbeite. Utmarksareal vert del inn i skog med særslig høg, høg, middels og låg bonitet, uproduktiv skog, myr, jorddekt fastmark og skrinn fastmark.

Kartdata frå økonomisk kartverk er basis for markslaginndelinga i AR5. I tillegg er det gjennomført ei oppdatering av markslaginndelinga basert på flyfoto. Grunneigarar har fått høve til å koma med merknadar, og kommunen har kvalitetssikra at kartdata stemmer med dei faktiske tilhøva. I samband med søknadar om produksjonstilskot er det informasjon frå AR5 som set yttergrensa for kor mykje areal som kvalifiserer for tilskot.

Arealinformasjon frå AR5 opplyser kor stort det samla jordbruksarealet er i til dømes ein kommune. Det er registrert 8 523 daa jordbruksareal i Stord og 9 132 daa i Fitjar. Differansen mellom dyrka mark som er registrert i AR5 og areal det vert søkt om tilskot for, seier noko om kor mykje dyrka mark som ikkje er nytta til aktiv jordbruksproduksjon. Noko av differansen kan skuldast at gardsbrukarar med aktiv drift ikkje søker om produksjonstilskot. For utmarksareal er det registrert 36 500 daa produktiv skog av ulike bonitetar i Stord kommune og 15 100 daa i Fitjar kommune.

Parallelt med innfasinga av AR5 vart det etablert eit system for å formidla kartdata på gardsnivå. Gjennom karttenesta [Gardskart på internett](#) er informasjon om arealressursane på kvart einskild gardsbruk, òpe tilgjengeleg på internett. I tillegg til markslagsinndeling, er det råd å få fram informasjon om kulturminne, verneområde, bratt areal mfl. Gardskart på internett har dei seinare åra etablert seg som eit nyttig verktøy både for gardbrukarar og landbruksforvaltinga.



9 Jordvern



Landbruksplan for

Jordbruksareal er grunnlag for matproduksjon til befolkninga både i dag og for komande generasjoner, og er soleis viktige næringsareal. I Noreg er det kring 10 millionar daa dyrka mark. Dette utgjer 3 prosent av landarealet. I Stord kommune utgjorde jordbruksareal i drift 4,9 prosent av det totale arealet i kommunen i 2015, medan det i Fitjar utgjorde 5,3 prosent.

I Noreg er det dei siste 50 åra omdisponert kring 1 million daa jordbruksjord til andre føremål. Mykje av dette arealet var fulldyrka areal, som i tillegg var eigna til dyrking av matkorn. På same tida har nydyrkning og rydding av innmarksbeite kompensert for arealnedgangen slik at netto jordbruksareal ikkje er vesentleg redusert. Den samla produktiviteten til arealet er derimot svekka.

Den romlege utbreiinga til eit jordbruksareal er tredimensjonal. Overflatearealet set yttergrensene for potensiell solinnstråling og utbreiing av avling. Jordsmonnet utgjer jordvolumet og er resultat av opphavsmateriale, temperatur, nedbør og dyrkingsaktivitetar som drenering, gjødsling, kalking, jordarbeidning og alderen på den dyrka marka. Produktiviteten til eit jordbruksareal kjem i stor grad an på eigenskapane til jordsmonnet. Det kan ta fleire tusen år å danna eit jordsmønster av topp kvalitet.

Jordbruksarealet er under press frå fleire hald. Arealdisponering i offentleg regi, som til dømes etablering av vegar bidreg til tap av jordbruksareal. Andre samfunns- og næringsinteresser i samband med utbygging av industri, bustad mfl. utgjer vesentlege trugsmål.

Jordvern tek sikte på å bevara jordbruksarealet si utstrekning og produktivitet gjennom å hindra omdisponering av jordbruksareal til andre føremål enn jordbruksdrift. I desember 2015 vedtok Stortinget ei målsetjing om at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4 000 daa jordbruksareal per år, innan 2020. I 2015 vart det omdisponert 6 341 daa jordbruksjord på landsbasis. Nedskalert til kommunenivå, og med bakgrunn i det relative jordbruksarealet jamført med landet, inneber denne målsetninga ein maksimal årleg jordavgang på 2,8 daa i Stord og 3 daa i Fitjar. Til samanlikning vart det som middel i perioden 2005-2015 rapportert inn via KOSTRA at 8,6 daa og 6,6 daa jordbruksareal er omdisponert til andre føremål enn jordbruk, i høvesvis Stord og Fitjar.

Jordlova er sentral i samband med å sikra eit sterkt jordvern. Av særleg betydning er § 9 *Bruk av dyrka og dyrkbar jord, første ledd:*

"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida".

Dette inneber at all dyrka mark i utgangspunktet er freda. Samstundes er det opna for at det kan gjevest dispensasjon frå kravet dersom andre viktige samfunnsoppgåver talar for det. Andre viktige føringar i lova er at deling av landbrukseigedomar berre kan førekoma etter godkjenning frå departementet, jamfør § 12. I tillegg pålegg § 8 driveplikt på all jordbruksjord.

For å sikra eit sterkt jordvern og ei heilskapleg forvalting av jordressursane, er kommunane oppmoda til å kategorisera jordbruksområde etter fastsette kriterier, og setja av *kjerneområde landbruk*.

9.1 Kjerneområde landbruk

Som eit ledd i den kommunale arealforvaltinga er det definert ein eigen arealkategori kalla kjerneområde landbruk, som skal vera om viktige jordbruksareal. Landbruks- og matdepartementet rår til at to kriterier vert lagde til grunn for utveljing av aktuelle kjerneområde landbruk:


- ✓ Viktige område for jordbruksproduksjon.
- ✓ Viktige område som kulturlandskap.



Areal som oppfyller desse kriteria vert samanstilte, og samanhengande område med desse kvalitetane utgjer til saman eit kjerneområde landbruk. Hensikta med denne inndelinga er å sikra matproduksjon og kultur- og miljøverdiar, og hindra fragmentering av viktige landbruksområde.

I Stord kommune har 14 område som har fått status som kjerneområde landbruk.

1. Digernes
2. Byrkjeland – Horneland
3. Høyland/Bjelland – Søre Tveita
4. Stuva – Nedre Litlabø
5. Vatna – Øvre Økland
6. Ådland
7. Haga – Nedre Økland
8. Kyvik – Tyse/Stord prestegard
9. Fjellgardane
10. Grov
11. Nord-Huglo
12. Sør-Huglo
13. Tveit
14. Haukanes



Omtale av områda er å finna på side 57-58 i [kommuneplanen](#), og retningsliner er gjevne på side 111. I kommuneplanen er det også lagt vekt på viktige skogsområde, men desse har førebels ikkje fått status som noko anna enn LNF-område. Kjerneområda er merka av på [kommuneplankartet](#).

I Fitjar kommune har eitt stort, samanhengande område kring Storavatnet fått status som kjerneområde landbruk. Det strekkjer seg frå Rydland-garden i sør til Fitjar- og Vestbøstad-gardane i nord. I tillegg har kystlynghei og kystgardar i Fitjarøyane fått tilsvarende status. I begge kategoriane er det sett av omsynssoner, og retningsliner for desse er gjeve på side 19 og 20 i [kommuneplanen](#). Kjerneområda er merka av på [kommuneplankartet](#).

9.2 Nydyrkning og planering

Areal som er eigna for nydyrkning vert kalla dyrkbar jord. Denne ressursen er kartlagd, og utgjer på landbasis ein dyrkingsreserve på kring 13 millionar daa. Halvparten av dette er i dag skogsareal og 1/3 er myr. Ein del dyrkbart areal er også innmarksbeite og overflatedyrka areal. I samband med eit auka fokus på klimagassutslepp, ligg det an til at nydyrkning av djup myr kan verta forbode.


Nydyrkning og bakkeplanering tek tradisjonelt utgangspunkt i stadeigne lausmassar. Massar frå utbygging har eit potensiale i samband med nyetablering eller oppgradering av dyrka mark. Slike massar bør disponerast på eit vis som gjev gode løysingar for matproduksjon.

Nydyrkning og planering skal godkjennast av kommunen etter [forskrift om nydyrkning](#). Ved tiltak som gjeld meir enn 50 daa, skal det utarbeidast ei konsekvensutreiing. Fylkeskommunen er høyringspart for kulturminne, og Fylkesmannen skal uttala seg innan miljøvern, etter vurdering frå kommunen.



10 Bynært landbruk

Bynært landbruk kan vera krevjande for fleire partar. Sameksistens mellom landbruk og urbane strukturar, krev både tilpassingar og storsinn av menneska i begge leirar. Eit delmål i kommuneplanen for Stord, er at Stord skal vera ein trivselskommune. I eit underpunkt er det føreslege å etablera økotun og kolonihagar. Delmålet i kommuneplanen gjev eit godt grunnlag for positiv samhandling mellom landbruksareal og samfunnet rundt. Byutviding og byutvikling vil i mange tilfelle medføra omdisponering av jordbruksareal. Når dette først skjer, er det viktig at jordmassane vert nytta på eit vis som er gagnleg for jordbruksproduksjon.



Utfordringar

1. Nedbygging av landbruksareal, og utbygging tett inntil jordbruksareal.
2. Jordmassar frå utbygging.
3. Fragmentering av landbruksareal. medfører driftsulemper:
 - a. Teknisk drift av dyrka mark vert krevjande og tek meir tid.
 - b. Usamanhengande beiteområde kan medføra at mindre beiteteigar ikkje vert nytta.
4. Klager på landbruksdrift som følgje av: støy, lukt og husdyr på avvegar.
5. Problem knytt til laushundar og beitedyr, og ferdsel på innmark utan frost/snø.



Rådgjerder

1. Arealplanlegging og kjerneområde landbruk, med tilstrekkelege buffersonar kring dyrka mark.
2. Heilskapleg forvalting av jordmassane, til dømes gjennom reguleringsplanar.
3. Leggja vekt på å unngå fragmentering av både innmark og beiteområde ved planlegging av vegar og andre inngrep. Kjerneområde landbruk.
4. Skapa møteplassar mellom landbruksareal og innbyggjarane.
5. Informera om reglane for bandtvang og ferdelsavgrensingar i allemannsretten.



11 Huglo

Utanom Stord, er Huglo er den største øya i Stord kommune. Den har eit areal på 13,2 km², og har mange av dei same naturtypane som Stordøya. Her er rikt planteliv, og eit landskap som er prega av busetnad langt attende. Øya er og ein populær feriestad om sommaren. Gjennom naturstien på Sør-Huglo er det lagt til rette for opplevelingar av kulturminne i turterrenget. Øya står for 1/3 av jordbruksproduksjonen i Stord kommune. Jordbruksmiljøet på øya er kjenneteikna av dyktige og engasjerte gardbrukarar, og det er nyleg satsa friskt innan mjølkeproduksjon. Dei agronomiske driftsføresetnadane på øya er gode, med eit rikt jordsmonn, med kalkrik jord og til dels lettdrivne areal. Hovudutfordringa i samband med jordbruksdrift på øya er først og fremst knytt til samfunnsmessige tema som samferdsle og eit velfungerande lokalsamfunn.



Utfordringar

1. Vanskar med å oppretthalda folketalet.
Dette er med på å svekka grunnlaget for eigen butikk, lagsliv mfl.
2. Mangel på buffersone mellom jordbruksareal og areal til andre føremål er krevjande somme stadar på øya.
3. Å skapa ny og varig næringsverksemeld.
4. Det er få sjølvstendige gardar att:
 - a. Jordbruksdrifta vert sårbar.
 - b. Vanskeleg å oppretthalda eit fagmiljø.
5. Vanskar med å skaffa veterinær mfl. og andre driftsulemper, knytt til avgrensa ferjesamband.



Rådgjerder

1. På Huglo bør ein vera meir fleksibel enn andre stader når det gjeld frådeling av tomter og storleiken på desse.
2. Halda god avstand til dyrka mark ved utskiljing av tomter mfl.
3. Setja av areal til næringsføremål. Leggja til rette for hyttefelt og utbygging av utleiehytter eller rorbuer.
4. Leggja til rette for felles fagmiljø med kringliggjande område.
5. Arbeida for betre samferdsle.



12 Kulturlandskap og kulturminne

På Stordøya har det budd folk lenge. Det er funne spor etter fangstfolk både i Fitjarøyane og i Djupadalen. Desse spora er datert 9 500 år attende.

Fram til 1800-talet vart jordbruksareala nytta til å dyrka all maten det var trond for i eit hushald; gardbrukarane var *sjølvberga*. Dette omgrepet har næast vore eit skjellsord etter at økonomihushaldet kom til, men eigentleg er det eit heidersmerke å vera nettopp *sjølvberga*.



I tida med sjølvbergingsjordbruk vart jordbruksareala nytta svært ulikt frå i dag. Dyrka mark vart nytta til å dyrka åkervokstrar og dels til vinterfôr til husdyr. Steingardar vart nytta for å halda dyra unna innmark i beitesesongen. Utflorar langs steingardane vart nytta til mjølking av geiter og kyr. Det me i dag kallar innmarksbeite vart nytta både til beiteareal, men også til slåttemark. I tillegg vart det slege gras og lyng i utmark. Bygningane var små og mange, og tente alle kvar sin funksjon. Døme i so måte er høyløer, florar, stabbur, potekjellarar, naust, kvernhus i tillegg til bustadhus.

Jordbrukets kulturlandskap, slik me opplever det i dag, er forma gjennom ulike aktivitetar oppigjennom tidene. I dag er driftsmåten totalt endra, jamfört med tidegare tider. Gamle strukturar som steingardar og utdaterte bygningar tener ikkje lenger ein funksjon, og er soleis sårbare. Ein del beiteareal og tungdriven dyrka mark gror att med skog. Kulturlandskapet er levestad for plantar og dyr. For menneska gjev kulturlandskapet grunnlag for matproduksjon og er samstundes ei kjelde til opplevingar og rekreasjon. Oppgåva med å driva moderne matproduksjon, og samstundes ta vare på kulturlandskapet er ei krevjande forplikting som landbruket lyt ta på alvor.

Utfordringar

1. Landskapet gror att på grunn av færre beitedyr og meir ekstensiv drift.
2. Klimaendringar kan føra til auka attgroing og skifte av treslag og driftsformer endrar landskapet.
3. Manglande vedlikehald av gjerde og bygningar fører til at ein får eit landskap med preg av forfall.
4. Utbygging av vegar, bustader og nye industri- og forretningsområde.
5. Manglande vedlikehald av kanalar og grøftesystem fører til auka forsuming.



Rådgjerder

1. Få til samarbeidsordningar slik at mindre produsentar ikkje legg ned produksjonen og arbeide for investeringsstøtte som sikrar satsing på husdyrhald og beiting.
2. Arbeida for å etablera ordningar som t.d. ryddeentreprenørar og utvikla landskapspleie til ei næring.
3. Arbeida for målretta bruk av SMIL-ordninga og Regionalt miljøprogram.
4. Kjerneområde landbruk og eit aktivt jordvern.
5. Tilskot til drenering.



13 Kystlynghei

Stord og Fitjar er prega av eit oseanisk kystklima. Sunnhordland var ein del av eit belte med kystlynghei som strekte seg frå Spania i sør til polarsirkelen i nord. Langs kysten var det eit ope, trelaust heilandskap, dominert av røsslyng. I fleire tusen år har dette jordbrukslandskapet vore halde i hevd med beiting, hausting og sviing.

Kystlynghei fekk status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova 07.05.2016. Fitjarøyane er eit av 23 referanseområder i Norge og eit av to i Hordaland. Dette gir Fitjar eit særleg ansvar for tiltak retta mot skjøtsel av denne naturtypen.



Prosjekt [Fjerning og uttak av sitkagran i Fitjarøyane](#) skal bidra til at kystlyngheiane ikkje gror att. Miljødirektoratet har sidan 2010 gjeve økonomisk støtte. Tre avøyane er rydda for sitkagran (Eggøy, Langøy og Smedholmen) og det er satt i gang fjerning på fleire andre. Dei siste åra har det vore ei positiv utvikling i interessa for å ha beitedyr og ta opp att sviing av lyngbeite. Det vert løyvd Særskilde miljøtilskot i jordbruket (SMIL) til restaurering av kystlynghei med sviing, rydding og beiting.

Regionalt miljøprogram (RMP) løyver tilskot til skjøtsel av kystlynghei som er kartlagt i [Rapport frå kartlegging av kystlynghei i Hordaland](#) og i [www.naturbasen.no](#). Vilkår for tilskot er vinterbeiting og sviing som sørger for god fornying av lyngen. Fylkesmannen i Hordaland har førebels inngått skjøtselavtale med 3 brukarar/eigarar av kystlynghei i Fitjarøyane.

Utfordringar

1. Endra bruk av utmarksområda:
 - a. Få beitedyr.
 - b. Lite/manglande sviing.
2. Spreiing av sitkagran eller andre treslag.
3. Hyttebygging og oppdeling av landbrukseigedomar.

Rådgjerder

1. Støtte grunneigarar og brukarar til auka bruk av landbrukseigedomane. Støtte beitelag aktivt. Bruk av regionale miljømidlar og SMIL-midlar. Samarbeide med interesselag om informasjonsmøter og årleg samling på tema «kystgard og kystlynghei».
2. Prosjekt *Fjerning og uttak av sitkagran i Fitjarøyane*.
3. Forvaltning i samsvar med kommuneplan, naturbase og kulturhistorisk plan.



14 Jordbruk og husdyrhald

Dei naturgevne føresetnadane på Stordøya og øyane kringom, tilseier at mykje av arealet først og fremst er eigna som beiteareal. Dette forklarar i stor grad at sau og storfebasert husdyrhald har stått sterkt gjennom alle tider i området. Tidlegare vart den dyrka marka nytt til å dyrka både korn, grønsaker og poteter til tillegg til vinterfôr til husdyr.


Det oceaniske klimaet på øyane er jamt over mildt, og tilseier at det kan dyrkast nær sagt kva som helst på friland. Samstundes er høg årsnedbør og vind ei utfordring i so måte. I tillegg er arronderinga på den dyrka marka i mange høve best eigna til varig eng. I dag vert mesteparten av jordbruksarealet nytt til å dyrka grovfôr, anten til konservering eller som beite. I Fitjar er vert noko areal nytt til potetproduksjon.


I dag står mjølkeproduksjon og anna storfehald saman med sauehald for mesteparten av husdyrhaldet. Det er også noko kraftfôrbasert husdyrhald i form av eggproduksjon, svineavl og oppal av slaktegris.

14.1 Jordbruksareal – utvikling 1995-2015


Søknadar om produksjonstilskot er den beste kjelda me har til informasjon om tal jordbruksføretak, kor mykje jordbruksareal som er i drift, og korleis arealet vert nytt. I 2015 vart det søkt om tilskot til å driva 6 997 daa jordbruksareal i Stord og 7 500 daa i Fitjar. I perioden 1995-2015 har tal jordbruksføretak vorte vesentleg redusert. I både Stord og Fitjar har kring 1/3 av føretaka lagd ned drifta i perioden. Nedgangen var størst mellom 1995 og 2005, og det kan sjå ut som om avskalinga har flata ut i siste del av perioden. Mellom 2005 og 2010 var det ein bølgjedal i tal søkerad. Dette kan skuldast endringar i minimumskrava for å kunna mottaka tilskot.

Nedgangen i tal jordbruksføretak samsvarar heldigvis ikkje med nedgang i jordbruksarealet. Likevel er det totale jordbruksarealet redusert med kring 10 % i Stord. Jordbruksarealet i drift er stabilt i Fitjar. Fordelinga mellom markslaga er endra i perioden. Dette skuldast særleg omklassifisering frå overflatedyrka til innmarksbeite. Fulldyrka areal er redusert i begge kommunane.





I Stord kommune utgjer sauehald nær halvparten av det totale jordbruksarealet. Gardsbruk med mjølkeproduksjon og ammekyr nyttar om lag like stor part av arealet, og utgjør til saman like mykje areal som sauehaldet. I Fitjar vert over halvparten av arealet nyttta i samband med mjølkeproduksjon, medan resten av arealet vert nyttta til sauehald, ammekyr og storfeal. I begge kommunane vert ein svært liten part av arealet nyttta til grasproduksjon utan husdyr.




14.2 Husdyrhald – utvikling 1995-2015

I Stord kommune har det skjedd store endringar i storfehaldet dei siste 20 åra. Tal mjølkesprodusentar er redusert frå 34 til 6. I same perioden er tal mjølkekryr redusert frå 366 til 121. Den samla mjølkekvoten i kommunen er redusert frå 2,34 millionar liter til 0,87 (2015) millionar liter per år. Mjølkemengd levert til meieri var i 2015 0,85 millionar liter. Nedgangen i tal mjølkekryr er til ein viss grad kompensert for ved ein oppgang i tal ammekyr. For storfehaldet sett under eitt, har det vore ein kraftig tilbakegang sidan 1995.




Storfehald - Stord 1995-2015




Også i Fitjar kommune er tal mjølkeprodusentar kraftig redusert i perioden, frå 42 i 1995 til 17 i 2015. Tal mjølkekvy er i same periode redusert frå 410 til 300. På trass av dette har det i Fitjar vore ein marginal auke i den samla mjølkekvoten (2,3 millionar liter i 2015) og produksjonsvolumet ligg på nivå med mjølkekvoten. Desse tala syner dermed at både middel besettingsstorleik, og mjølkeyting per årsku har auka i perioden. Tal ammekuprodusentar og tal ammekyr har hatt eit oppsving. Samla sett er tal storfe redusert noko.


Storfehald - Fitjar 1995-2015



Sauhaldet er viktig for jordbruket i Stord kommune, og står for bruk av kring halvparten av jordbruksarealet i kommunen. Tal saueprodusentar kan sjå ut til å ha vore i ein bølgjedal tidleg på 2000-talet. Dette skuldast truleg at minimumskravet for å kunna mottaka produksjonstilskot, ekskluderte mange frå å søkja om tilskot. Tal saueprodusentar er toleg stabilt i perioden. I tillegg har det kome til ein del sauhealdarar som har utegangarsau. Frå 2014 vart utegangarsauer jamstilte med vinterfôra sauher i tilskotssamanhang. Både tal vinterfôra sauher og tal lam på beite har auka monaleg i perioden, og dette syner at sauenværinga har kompensert noko for avskalinga i storfehaldet.



I Fitjar ser me det same mønsteret som i Stord, med ein bølgjedal i tal sauebruk tidleg på 2000-talet. I middel for perioden har det vore ein svak auke i tal vinterfôra sauher. Det har kome med ein del føretak med utegangarsau tidleg i perioden.



Utfordringar

1. Færre gardsbruk i drift medfører at marginale jordbruksareal går ut av drift.
2. Nylege endringar i tilskotssystemet favoriserer store og mellomstore jordbruksføretak, og kan medføra ei dreining i bruksstrukturen, mot færre og større driftseiningar (jamfør pkt. 1 og 5).
3. Auka driftskostnadar og effektiviseringskrav.
4. Knappheit på areal kan i somme tilfelle hemma utviding av produksjon.
5. Svekka fagmiljø når det vert færre gardbrukarar både på deltid og heiltid.
6. Krav om lausdrift for storfe frå 2034 har ført til, og vil føra til ytterlegare reduksjon i tal mjølkeprodusentar, og auka gjeldstyring for dei som byggjer, og bygger om, for lausdrift.
7. Dårleg dreneringsstilstand på mykje areal medfører:
 - ✓ Avlingsnedgang
 - ✓ Innhaustingsvanskar
 - ✓ Arealbortgang
8. Reduksjon i samla mjølkekvote (Stord). Problemet kan verta forsterka dersom det vert færre kvoteregionar.
9. Gjæs som øydelegg avling.
10. Hjort som øydelegg avling.
11. Mangel på buffersoner mellom utbygging og dyrka mark gjev utfordringar i jordbruksdrifta.
12. Få har i dag direkte involvering i landbruksnæringa. Dette gjev mindre forståing for utfordringane i næringa og lågare toleranse for lukt, støy mfl.



Rådgjerder

1. Stimulera til meir beiting gjennom:
 - ✓ Tilretteleggingstiltak
 - ✓ SMIL og RMP
2. Auka samarbeid mellom gardbrukarar kan auka bruksstorleiken utan at tal utøvarar i næringa går ned. Slike løysingar føreset at fleire tidlegare heiltidsgardbrukarar lyt finna deltidsarbeid utanom landbruksnæringa.
3. Effektivisering i jordbruksdrifta gjennom auka fokus på grovfördyrking ofl.
4. Kartfesting av tilgjengelege ressursar, og dialog mellom gardbrukarar som er i same situasjon.
5. Gje støtte til fagnettverk og fagsamlingar.
6. Stimulera til tilpassing gjennom støtteordningar frå *Innovasjon Norge*.
7. Tilskotsordning for drenering.
8. Rekrutteringstiltak retta mot mjølkeproduksjon for å hindra bortgang av kvote. Utviding av kvoten til dei som framleis driv. Innovasjon Norge.
9. Tiltak for å avgrensa skadeomfang:
 - ✓ Skadefelling
 - ✓ "Friområde"
10. Hogst i område som grensar til innmark. Heilskapleg viltforvaltning gjennom aktiv bruk av *Forvaltningsplan for hjort*
11. Arealplanlegging og kjerneområde landbruk, med buffersonar.
12. Ha fokus på jordbruks i grunnskule og barnehage gjennom,
 - ✓ Gardsbesök
 - ✓ Kjøkenhagar



15 Økologisk landbruk

Landbruksverksemd femner om alt frå dyre- og planteliv i jordbruket og naturen som støyter direkte til jordbruksareal, til indirekte miljøverknadar som skriv seg både frå jordbruksdrifta og produksjon driftsmiddel. I tillegg er det ein sosial dimensjon som grip inn i enkeltmenneska som anten er knytt til landbruket, eller som et mat med opphav i landbruket; kort sagt alle menneska!



Me eit slikt vidsyn på landbruksverksemd, er det laga til eit verdisett som tek sikte på å avgrensa dei negative miljøverknadane av landbruksdrift (både på kort og lang sikt) og samstundes taka omsyn til livskvaliteten til både dyra og menneska som er knytt til landbruket.

Økologisk landbruk spring ut or eit auka fokus på slike verdiar. Omgrepet økologisk landbruk er primært knytt til matproduksjon i jordbruket, men inkluderer også produksjon av juletre og skogbruk. Økologisk landbruk er i Noreg konkretisert gjennom sertifiseringsordninga DEBIO.

Regelverket inneber mellom anna at det:

- ✓ Ikkje er tillate å gjødsla med lettlooselege næringsemne.
- ✓ Vert lagd restriksjonar på kraftførbruk i til dømes mjølkeproduksjon.
- ✓ Vert stilt strengare krav til dyrevelferd i form av:
 - Utvida minstekrav for areal per dyr i fjøs, og krav om golvtype.
 - Luftekkrav for storfe på bås.
- ✓ Skal gjerast ei nøye vurdering før det vert nytta medisin.
- ✓ Ikkje er tillate å sprøyta med kjemisk framstilte sprøytemiddel.

Styresmaktene har som målsetjing at 15 prosent av både jordbruksproduksjonen og matforbruket skal vera økologisk innan 2020. Det har vore arbeidd breitt med å nå målsetjinga. Eit av verkemidla for å auka produksjonen av økologisk mat er ei eiga tilskotsordning, med sams forvaltning med andre tilskotsordningar. Trass dette vart berre 4,7 prosent av jordbruksarealet og 2,9 prosent av husdyrhaldet driven økologisk i 2014. Stortinget erkjenner no at målsetjinga har vore for ambisiøs, jamfør nyleg vedteken [Stortingsmelding](#). Ei ny målsetjing skal no utarbeidast saman med ein strategi.

I Stord og Fitjar er det mange stadar godt eigna for økologisk jordbruksproduksjon. Dette gjeld særleg område med mineraljord som har lege under marin grense etter siste istid. Godt omdanna organisk jord kan også vera eigna, medan nydryka myrjord ikkje eignar seg for økologisk jordbruksdrift.

Eit mildt klima med høg jordrāme gjev gode føresetnadar for optimal utnytting av husdyrgjødsel. Samstundes kan høg årsnedbør føra til sterk utvasking av kalium (K) og andre næringsemne, og by på utfordringar i so måte. Gode beiteressursar i området er tenelege for økologisk jordbruk.

I mange tilfelle vil grasavlingar verte redusert ved omlegging til økologisk jordbruksdrift. I tilfelle med ekstensiv drift og jordkultur i därleg hevd, vil fokus økologisk jordkultur kunna auka avlingsmengda.

I 2015 hadde økologisk jordbruk svært lita utbreiing i dei to kommunane. I Stord vart det søkt om tilskot for 72 daa økologisk jordbruksareal, medan det i Fitjar vart søkt om tilskot til 54 daa.

Utfordringar

1. Skapa interesse blant gardbrukarar.
2. Få god lønsemnd ved økologisk drift.
3. Krav om 1,5 m² per vinterfôra sau og eventuelt krav til 50 % fast dekke.
4. Lite husdyrgjødsel i sauehaldet.

Rådgjerder

1. Få fram gode døme på at det er mogleg å driva økologisk i området.
2. Eksisterande tilskotsordning.
3. Investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge til nybygg eller ombygging.
4. Bruk av t.d. pelletert hønsegjødsel.



16 Skog og utmark

Utmarksareala i Stord og Fitjar tek mange former, og har verdi på mange plan. Mykje av areala er kledd med skog, medan anna areal er trelaust utmarksbeite. Mange stadar både på Stordøya og øyane kringom er dominert av naturtypen kystlynghei. Utmarksareala leverer produktiv skog til tømmer og vedhogst, beiteressursar, jaktbart vilt, bær og naturopplevingar.

Det produktive skogarealet er 36 500 daa i Stord og 15 100 daa i Fitjar. Mykje av skogen er no hogstmoden. Dette kjem særleg av ei omfattande utplanting av grantre i tida etter 1950. Årleg hogstvolum var i 2015 14 052 m³ i Stord og 1 362 m³ i Fitjar. I tillegg kjem vedhogst som ikkje er registrert. Eit funksjonelt vegnett med skogsvegar er viktig for lønsam hogst av skogen. I 2015 var det 120 km skogsveg i Stord og 60 km i Fitjar. Produksjon av juletre kan vera ein god bruk av jordsmonn med høg bonitet. I 2015 var det 500 daa med juletreplantar i Stord og 60 daa i Fitjar.

Utmarka hyser ein stor bestand av hjort. I 2015 vart det gjeve løyve på 162 hjort i Stord og 202 hjort i Fitjar, medan det høvesvis vart skoten 129 hjort og 161 hjort i dei to kommunane. Hjorten er i og for seg ein ressurs, men han kan også gjea ugagn for ungskog, juletrefelt, innmarksareal og vegtrafikk.



Utfordringar

1. For lite utbygd skogsvegnett og *flaskehalsar* i det offentlege vegnettet
2. Aukande konkurransen på trelastmarknaden.
3. Store drifts- og transportkostnader
4. Reduserte overføringer frå det offentlege.
5. Liten rekruttering til skogsarbeidaryrket.
6. Fleir bruk gjør at ein i aukande grad må ta omsyn til andre brukarinteresser (miljø).
7. Utnytta verdiar knytt til t.d. jakt og naturoppleving.
8. Utnytta potensialet som ligg i juletre og kristtorn.
9. Svekka marknad for vedsal.
10. Hjorteskade på plantefelt.



Rådgjerder

1. Tilskot til bygging av skogsbilvegar. Auka fokus på *flaskehalsar* på kommune- og fylkesvegar.
2. Lokal produksjon av spesialvyrke og ukurante dimensjonar.
3. Tilskot til skogsbilvegar, lunneplassar og tømmerkaiar. Lokal foredling av tømmer med til dømes mobile sagbruk. Samarbeidstiltak mellom fleire skogeigarar.
4. Synleggjera for politikarane kva verdiar som ligg i skogen.
5. Rekrutteringskampanje.
6. Syta for at all hogst skjer i samsvar med gjeldande regelverk.
7. Planleggja vegar slik at dei kan vera til glede for mange ulike brukargrupper. Sal av hjorteløyver og jaktopplevingar.
8. Lag konkrete døme på økonomien som ligg i desse produksjonane.
9. Tilskot til bioenergianlegg. Ha fokus på bioenergi som klimatiltak. Leggja til rette for fjernvarme i samband med kommunale bygg. Prosjekt.
10. Eventuelt fôring eller liknande tiltak.



17 Tilleggsnæringer

På grunnlag av krav om friare verdshandel og reduserte statlege overføringer vert vårt småskalandbruk sett under aukande press. For å møta desse utfordringane er det utvikla nye strategiar for næringsutvikling. Ein av desse er "Landbruk Pluss". Denne legg vekt på at heile ressursgrunnlaget på bygdene bør utnyttast gjennom samarbeid mellom innbyggjarane i samfunnet. Intervjurunden i 2005 syntet at det var mange som satsa på nye næringar på Stordøya. Her er også tradisjon for å starta opp med eigne verksemder. Dei seinare åra har det vore avtakande aktivitet på dette området, og få søknadar tiltaksmidlar er komne inn til kommunane. Det er nær sagt berre fantasien som set grenser for kva det gjeng an å få til av nye næringar. Døme i so måte er:

- ✓ Direkte sal av:
 - Kjøtprodukt
 - Grønsaker
 - Fitjarpotet
 - Bær
 - Ost og meieriprodukt
- ✓ Energiproduksjon
 - Bioenergi
- ✓ Kulturlandskap
 - Skjøtsel
 - Sal av kulturlandskap
- ✓ Reiseliv
 - Hytter
 - Rorbuer
 - Gardsturisme
- ✓ Bygdeservice
 - Brøyting, vaktmeistertenester, gartnerarbeid og mindre entreprenøroppdrag
- ✓ Utleige av areal til "kolonihagar"
- ✓ Inn på tunet
- ✓ Arbeidstrening og andre tilbod til personar med ulike omsorgsbehov
- ✓ Skogbruk
 - Spesialvirke/minisagbruk
 - Ved og anna biobrensel
 - Pyntegrønt
 - Juletre
- ✓ Jakt og fiske
 - Hjortejakt
 - Småviltjakt
 - Fiske i sjø og vatn/elver
- ✓ Hest som næring



Utfordringar

1. Det er vanskeleg å setja av eigenkapital når primærnæringa har låg avkastning. Tilgangen på risikokapital er også liten. Løns- og driftskostnader vil kunne vera med å hindra etablering av ny verksemد
2. Lite utbygde salskanalar og avgrensa marknad.
3. Usikker marknad for bioenergi. Investering i kostbart produksjonsutstyr (bygg maskiner m.m.) krev store volum for å få lønsemd og krev god marknadsdekning.
4. Tendens til at tilleggsnæring kan ta bort fokus frå jordbruksverksemد.

Rådgjerder

1. Finansiering gjennom innovasjon Norge. Informera aktivt om ulike støtteordningar.
2. Støtta opp om salskanal for lokal mat og andre produkt.
3. Finn fram til bygningar som er tilpassa fjernvarme, og leggja tilhøva til rette for fjernvarme i samband med nye utbyggingsprosjekt.
4. Ha fokus i forvaltninga på at jordbruksverksemد bør liggja i botnen for næringsverksemda, og at nye næringar kjem i tillegg.



18 Miljø og klima

Føremålet med landbruksproduksjon er å nytta naturgrunnlaget til å forsyna menneska med mat, trelast og andre produkt. På vegen til ferdig produkt er det ofte mange steg, og i alle stega vert det sett inn ressursar. Langs denne krokete vegen vert det liggande att nokre uheldige restar av landbruksproduksjonen: ikkje noko system er perfekt! Døme i so måte er:

- ✓ Avrenning av næringsemne
- ✓ Erosjon
- ✓ Bruk av energi
- ✓ Plantevernmiddel
- ✓ Medisinbruk
- ✓ Silopressaft
- ✓ Klimagassutslepp



18.1 Miljøtiltak

Det er i dag eit lovmessig krav om:

- ✓ Gjødslingsplan
- ✓ Autorisert bruk av plantevernmiddel.
- ✓ Miljøriktig bruk av husdyrgjødsel og silopressaft

[Forskrift om produksjonstilskot](#) føreset at gardbrukarar oppfyller desse krava, og kommunen fører tilsyn i samband med søknadar om produksjonstilskot. Landbruksnæringa har i tillegg innført omfattande kontrollrutinar, gjennom ordninga KSL (kvalitetsikring i landbruket) og MIS (miljø i skogbruket). Dette inneber omfattande internkontroll for mellom anna å sikra miljøet. Desse planane blir jamleg reviderte av eksterne revisorar.

Bruk av husdyrgjødsel og silopressaft er regulert gjennom [forskrift om organisk gjødsel](#). Denne seier mellom anna at det berre er tillate å spreie husdyrgjødsel på grasmark mellom 15. februar og 1. september. Kommunen kan gje dispensasjon etter søknad. Kommunen har også høve til å utarbeida lokal forskrift med utvida frist for spreiling.

18.2 Vassforkrifa

Målet er god økologisk og kjemisk tilstand i vatnet innan 2021 (evt. 2027 dersom utsett frist). I samband med karakteriseringa av overflatevatnet i Stord og Fitjar, fekk ein oversikt over vassdrag der det er naudsynt med tiltak for å nå miljømålet. Desse tiltaka går fram i tiltaksprogrammet som vart vedteken av fylkestinget i desember 2015 og i databasen www.vann-nett.no. Regjeringa vedtok i juli 2016 [Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021](#) som gjev ei fyldig innsikt i arbeidet. Denne planen skal leggast til grunn for alle tiltak og planlegging i kommunen.

Kommunen er ansvarleg mynde for tiltak som gjeld landbruket, og skal treffe vedtak etter relevante lovar. Tiltaka skal setjast i gang innan 3 år etter at planen er godkjent.

Kommunane Stord og Fitjar hører til Vassområde Sunnhordland.

Aktuelle tiltak for å redusera påverknad frå landbruket:



- ✓ Redusere gjødsling av fosfor (P) og/eller nitrogen (N).
- ✓ Miljøvenleg gjødselspreiing, uggjødsla randsoner, plassering/kapasitet gjødsellager.
- ✓ Førebyggje ureining av vassdrag
- ✓ Grøfte for å redusere faren for overflateavrenning til vassdrag og redusere faren for erosjon.

18.3 Klimatiltak

Klimaendringar er i vinden for tida, og utslepp av klimagassar frå jordbruket er eit heitt tema i so måte. Jordbruksverksemd medverkar til utslepp av klimagassar gjennom:

1. Lystgass frå jord og gjødsellager.
2. Metan frå meltingskanalen til husdyr og gjødsellager.
3. CO₂ som skriv seg frå:
 - Bruk av fossile brensel.
 - Dyrking av organisk jord.
 - Kalking av jordbruksjord
4. Indirekte utslepp knytt til driftsmiddel.

Aktuelle tiltak for å redusera utsleppa:

1. God dreneringstilstand og minst mogleg jordpakking.
2. Biogassanlegg
3. Energieffektivisering og forbod mot nydyrkning av djup myr.
4. Økologisk landbruk.



I tillegg til av bidra til utslepp av klimagassar, bidreg landbruket med vesentleg bitting av karbon (C) i ståande skog og i organisk materiale i skogsjord og dyrka mark.

Det er utarbeidd klima- og energiplanar for både [Stord](#) og [Fitjar](#) Kommunar. I klima- og energiplanen til Stord er satsing på biogass nemnd som konkret tiltak. I Fitjar er det nemnd at bioenergi frå skogbruket skal vera ein del av løysinga. Det ligg føre konkrete planar om etableringa av eit biogassanlegg i Sagvåg. Hovudutfordinga for bioeneriproduksjon er låge energiprisar og vanskar med logistikk.

18.4 Klimatilpassing

Jordbruksverksemd er i høg grad prisgjeven både vær- og klimatilhøve. Jordbruket på Vestlandet er godt rusta for å takla det klimaet med kjenner i dag. Dersom klimaet endrar seg vesentleg vil dette også få følgjer for jordbruksdrifta. Klimatilpassing vil difor etter kvart verta eit aktuelt tema, dersom klimaframskrivingane syner seg å vera riktige.



19 Oppsummering

Tema	Hovudutfordringar	Moglege rådgjerder
Jordvern	Det vert årleg omdisponert 8,6 daa og 6,6 daa dyrka mark til andre føremål enn jordbruk i høvesvis Stord og Fitjar. I nasjonal jordvernstrategi er det sett som målsetjing at det maksimalt skal omdisponerast 4 000 daa per år.	Målsetjing om at omdisponert areal ikkje bør vera høgre enn 0,4 % av totalarealet av dyrka mark (2,8 daa i Stord og 3 daa i Fitjar), jamfør målsetjing i nasjonal jordvernstrategi. Kjerneområde landbruk er ei viktig brikke for å nå målet.
Bynært landbruk	Fragmentering av jordbruksareal, reaksjonar på støy/lukt og laushundar.	Kjerneområde landbruk, kommunikasjon for å få ei betre forståing av næringa og informasjon om bandtvang.
Huglo	Vanskår med å få avløysar og veterinær/inseminering til rett tid.	Arbeida for ei betre/meir fleksibel samferdsle.
Kulturlandskap og kulturminne	Attgroing av dyrka mark/beite og forringing av kulturminne som t.d. historiske bygningar og steingardar.	Aktiv bruk av lokal strategi for SMIL-tilskot til rydding av beite oppsetjing av gjerde mfl. Bruk av RMP-midlar til skjøtselstiltak.
Kystlynghei	Mangel på sviing av lynghei og attgroing med brake, lauvtre og bartre som til dømes sitkagran.	Bruk av RMP-midlar til skjøtselstiltak. Prosjekt <i>Fjerning og uttak av sitkagran i Fitjarøyane</i> .
Jordbruk og husdyrhald	<ol style="list-style-type: none"> Nedgang i jordbruksareal i drift. Krav om effektivisering og større driftseiningar for å få lønsemeld i jordbruksdrifta. Gjæs og hjort som et/øydelegg avling og avlingspotensiale. 	<ol style="list-style-type: none"> Stimulera til meir beiting av marginale areal og støtte til dreneringstiltak. Samarbeidstiltak og rådgjeving. Heilskapleg forvalting av gjæs- og hjortestamma i kommunane.
Økologisk landbruk	Få økologiske produsentar og svært lite omfang av økologisk areal.	Få opp interessa for økologisk landbruk. Få fram gode døme på at det er mogleg å driva økologisk i området.
Skog og utmark	<ol style="list-style-type: none"> Lite utbygd skogsvegnett og flaskehalsar på det offentlege vegnettet. Låge tømmerprisar og kostbar hogst/transport. 	<ol style="list-style-type: none"> Tilskot til skogsbilvegar og arbeid for å betra flaskehalsar, jamfør Stortingsmelding nr. 6. (2016-2017). Samarbeidstiltak og lokal foredling av tømmer. Bioenergi.
Tilleggsnæringer	<ol style="list-style-type: none"> Usikker marknad og lite utbygde salskanalar. Finansiering. 	<ol style="list-style-type: none"> Nettverksbygging. Innovasjon Norge.
Miljø og klima	<ol style="list-style-type: none"> Få lønsemeld i bioenergiproduksjon. Få forståing for viktigeita av klimatiltak i jordbruket. 	<ol style="list-style-type: none"> Støtteordningar frå mellom anna Innovasjon Norge. Synleggjera dei positive agronomiske verknadane av klimatiltak.



20 Politisk handsaming av landbruksplanen

Saksnr	Kommune	Vedtaksmynde	Sakstittel	Møtedato
13/14	Stord	Komit� for n�ring, milj� og kultur	Oppstart, revisjon av landbruksplan for Stord og Fitjar	30.04.14
39/14	Fitjar	Utval for plan og milj�	Oppstart landbruksplan Stord Fitjar - revisjon	07.05.14

Foto:

Aase N ttveit
Audun Inge Torvund
SFLMK (andre)
Norsk Landbruksr dgiving Vest SA

